


GUDVANGEN STEIN

- ANORTOSITT GRUVE -



Eit lokalt industrieventyr

Gudvangen Stein AS er ei veletablert gruvebedrift i Nærøydalen på grensa mellom Aurland og Voss. Vi starta opp i 1956 og har i dag 16 tilsette. Vi er strategisk leverandør av anortositt til steinullindustrien i Noreg og Europa. Steinen blir i hovudsak brukt til å lage steinull/isolasjonsmatter til hus. Dei tre største kundane våre er Rockwool, Paroc og Knauf Insulation. Årsproduksjonen vår ligg på ca. 500 000 tonn i året.

Eit unikt råstoff

Den unike verksemda vår tek utgangspunkt i ein av verdas største førekomstar av bergarten anortositt, som er råstoffet til isolasjonsmaterialet steinull. Anortositt inneheld ca. 30 % alumina. Steinen vår blir produsert på ein måte som gjer at han kan brukast om att til evig tid. Ein kombinasjon av høgt innhald av aluminiumsoksid og lågt innhald av skadelege bestanddelar gjer anortositten til ei ettertrakta råvare.

Lokal regi, internasjonale kundar

I bedrifta vår styrer vi sjølv alle prosessane. Medan dei fleste andre gruvene i Noreg er eigd av utanlandske selskap, er Gudvangen Stein eigd av lokale folk. 95% av produksjonen vår går til steinullindustrien i Europa. Vi leverer også lys hagesingel og dekorstein, samt tilslag av lys stein til asfaltprodusentar i Nederland og Tyskland. Tilslaget blir også brukt i tunellar. I Amsterdam har kontrastane mellom lys og mørk asfalt bidratt til betre trafikktryggleik og ein betydeleg nedgang i talet på ulykker.



Steinullisolasjon er det beste materialet å isolere med, og det er godt eigna til innvendige og utvendige dører. Steinullisolasjonen kan smeltast om og brukast igjen og igjen. Smelteomnane kan ta opp til 140 mm stein, og steinen smeltar på 1600 grader. Vi sel alt vi produserer, og sit ikkje att med noko avfall etter produksjonen. Steinulla vår er brukt i 10 av dei mest kjende bygningane i verda, til dømes i Eiffeltårnet.



Grøn gruvedrift i verdsarvområdet

Vi legg mykje arbeid i å sikre at drifta vår er ansvarleg. Å ta omsyn til miljøet er spesielt viktig sidan vi held til i eit område som er på Unescos verdsarvliste. Vi er ISO-sertifisert, som betyr at vi er ei bedrift som tek vare på kundar, tilsette og miljø. Dette gjer vi mellom anna ved å oppgradere til ein moderne maskinpark med låge utslepp.

Vi vil vise at det er mogleg å drive gruvedrift og samtidig ta vare på natur og miljø i dette unike området. Vi kjenner på eit stort ansvar ovanfor lokalmiljøet som vi er ein del av. Målet vårt er å bli Norges grønaste gruve og drive miljøvennleg, berekraftig gruvedrift vi kan være stolte av.



Gruvedrift og transport

Inne i gruva skjer boring, sprenging og utlasting av steinen. Han blir deretter foredla og knust til 6 forskjellige fraksjonar (0-2mm, 2-5mm, 5-8mm, 8-11mm, 11-16mm og 40-140mm).

Internttransport frå gruva til kaia skjer med egne lastebilar. Råstoffet blir frakta med skip til lossehamn og vidare til kunden. Transport med skip er eit miljøvennleg alternativ til transport med trailer. Vi er i tett kontakt med båteigarane for å sørge for at transporten har låge utslepp og ivaretek miljøet i Nærøyfjorden.



Takk til våre
samarbeidspartnere!



Mekanisk verkstad - Sveiseverkstad

Utvikling • Produksjon • Reparasjon
CNC-plateskjæring • Forming/knekkning
Siteplater • Hydraulikk

Bidnesvegen 115, 5713 Vossestrand • E-post: post@bidnemek.no
Tlf. 56 51 40 80 • www.bidnemek.no



Løvegen 2, 7820 Spillum • Tlf. 74 28 76 00
E-post: post@siktedukfabrikken.no • www.sdf.as



Let's connect

Din leverandør til
tunnel og fjellsikring



Som en stolt leverandør av
Cat® maskiner og som samarbeids-
partner til Gudvangen Stein AS, anser
vi forutsigbar og lønnsom drift som
vår viktigste oppgave.

Pon Equipment AS
www.pon-cat.com
21 08 41 00





Gudvangen Stein AS
Holmen, Gudvangen

Tlf. 992 03 487

frode@gudvangenstein.no

Tlf. 48056624

anders@gudvangenstein.no



[/GudvangenStein](#)

